

**Fra:** John Martin Jacobsen (John.Martin.Jacobsen@hfk.no)

**Sendt:** 05.05.2017 12:13:18

**Til:** Bente Utne

**Kopi:**

**Emne:** Vs: Gang-/sykkelveg Hauge - Valle bru Hegglandsdalen

**Vedlegg:** image001.jpg

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Aina Tjosås <aitj@os-ho.kommune.no>

Dato: 05.05.2017 11:57 (GMT+01:00)

Til: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>

Ko: Christian Fredrik Fotland <chff@os-ho.kommune.no>, Halvor Hanevik <haha@os-ho.kommune.no>, 'Riisnæs Beate Eide' <beate.riisnas@vegvesen.no>

Emne: Gang-/sykkelveg Hauge - Valle bru Hegglandsdalen

Hei

Viser til telefonsamtale 4.5.

Frå Hauge og inn forbi Valle bru er det per i dag ikkje tilfredsstillande tilbod for mjuke trafikantar. Gang- og sykkelveg langs denne vegstrekninga har lenge vore høgt på Os kommune si prioriteringsliste og reguleringsplan vart godkjent så langt tilbake som i 2011. Stor utbygging i området og auka gjennomkjøring mot Samnanger, har gjort at situasjonen no er kritisk for gåande og syklande.

Os kommune planlegg ny barneskule på Valle. Om alt går etter planen vil skulen vere ferdig til skulestart 2019. Innan den tid må det vere gode tilbod for mjuke trafikantar både langs Hegglandsdalsvegen og langs Borgavegen. Borgavegen er kommunal og er difor Os kommune sitt ansvar.

I plan- og byggeprogrammet for 2017 er det sett av midlar til igangsetting av prosjektering og oppstart av gang- og sykkeltiltak på Fv 137 frå Hatvikvegen og til Valle bru. Dette arbeidet er Statens vegvesen godt i gang med. Det er per i dag ikkje sett av midlar til gjennomføring. Vi vil presisere at prosjekteringen må ta med seg heile strekket, også kryssing av Valle bru og heile vegen fram til etablert g/s-veg.

Os kommune har i møte med vegvesenet og fylkeskommunen signalisert at vi kan vere med på eit spleislag for å få finansiering på plass. I hovudplanen for vatn og avløp er det planlagt utskifting av VA langs Hegglandsdalsvegen i 2020-2021. Det er fornuftig å ta dette arbeidet samstundes som gang- og sykkelvegprosjektet blir realisert og vi er difor interessert i å framskynde planlagt opprusting av VA-anlegget langs vegen. Dette vil utgjere ein stor del av kostnadane veg g/s-vegen. Om nødvendig kan vi gjere heile eller deler av denne jobben med eigne folk. I så fall kan arbeidet med VA-delen starte opp haust 2017.

Vi opplever stor velvilje hos både vegvesenet og fylkeskommunen for å få denne g/s-vegen på plass. Samstundes er det fleire tilhøve som framstår som uavklart og som må på plass snarast:

### **Prosjektering/standard**

Vegvesenet prosjekterer etter godkjent reguleringsplan. Samstundes snakker fylkeskommunen om forenkla standard. Er det avklart kva standard ein skal ha på denne g/s-vegen?

Det er regulert inn 3 m til g/s. I følgje nye retningslinjer er dette i minste laget for å få på plass eit separat tilbod for syklande og gåande, noko vi bør planlegge for på denne sentrale traseen. Os kommune ønskjer difor å utvide g/s-vegen til MINST 3,5 m.

## Gjeldande reguleringsplan

Gjennomføringsfristen på 5 år for planer godkjent etter ny plan- og bygningslov gjeld kun private planforslag. Det er difor ikke nødvendig å stadfeste reguleringsplanen på ny for å ha heimel til ekspropriasjon.

## Grunnavståing

Arbeidet med g/s-veg krev grunnavståing. Dette hastar å få på plass. Vi har i lengre tid hatt dialog med vegvesenet om grunnavståing langs Hatvikvegen mot Bøvegen. På grunn av kapasitetsproblem hos vegvesenet har dette vore vanskeleg å få til. Vi ber om at grunnavståing langs Hegglandsdalsvegen blir prioritert høgt og at ein i same omgang får på plass grunnavståing langs Hatvikvegen i tråd med tidlegare diskusjonar.

## Veglys

Som eit midlertidig tiltak, ber vi om at veglys langs Hegglandsdalen blir utbedra. Dette kan gjerast ved å byte til led-lys i eksisterande stolpar og supplere med midlertidige stolpar. Dette må vere på plass til hausten 2017. Os kommune kan ta seg av gjennomføringa av dette, men finansiering må avklarast.

Vi tar gjerne eit møte med fylkeskommunen og vegvesenet om de ønskjer dette.

Med venleg helsing

**Aina Tjosås**

Kommunalsjef samfunnsutvikling



**Os Kommune**

Telefon: 56575043/47895253

[aitj@os-ho.kommune.no](mailto:aitj@os-ho.kommune.no)